

# Retningsline for utdanningsplanar og utdanningsretteiing

Godkjent av høgskuledirektøren 24.04.2019 med heimel i Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda 01.01.2015.

## 1. Praktisk gjennomføring

### 1.1. Utdanningsplanen

Utdanningsplanen byggjer på studieplanen og viser innhaldet og progresjonen i den planlagde utdanninga for studenten. Studenten skal godkjenne utdanningsplanen sin i Studentweb innan registreringsfristen for kvart semester. 1. september i haustsemesteret og 1. februar i vårsemesteret.

### 1.2. Utdanningssamtalen

Studenten skal ha tilbod frå utdanningsretteiar om ein utdanningssamtale i forkant av undervisningsopptaket i haust- og vårsemesteret. Utdanningssamtalen skal finne stad innan 1. mai i vårsemesteret og innan 1. november i haustsemesteret. Utdanningsretteiar kan vere studieprogramansvarleg, emneansvarleg, faglærer eller liknande. Utdanningssamtalen kan gjennomførast enkeltvis eller i grupper. Dersom ein av partane ønskjer det, skal samtalen gjennomførast individuelt.

## 2. Innhaldet i utdanningsretteiinga

### 2.1. Læringsmål og fordjupingsområde

Utdanningssamtalen handlar om faglege læringsmål og tilpassingar av studieløpet. Samtalen kan innehalde følgjande:

- Læringssituasjonen
- Spesialiseringar i studieløpet, for dei studia som gir høve til det
- Aktuelle fordjupingsområde, valfag/-modular og oppgåver
- Eventuell tilrettelegging

### 2.2 Planlagt utdanningsløp

Utdanningssamtalen kan også handle om planlagt utdanningsløp. Denne delen av utdanningssamtalen kan ta føre seg følgjande:

- Kva type utdanning studenten tek sikte på å oppnå
- Kva kurs og emne studenten planlegg å ta, og rekkjefølgja ein skal ta desse i
- Studiepoeng og progresjon: kor mange poeng studenten planlegg å ta per semester og totalt i utdanningsløpet
- Vegen vidare mot yrkesval

Ved spørsmål om planlagt utdanning på anna avdeling eller annan institusjon, kan utdanningsretteiaren vise til studieretteiaren i studieadministrasjonen. Utdanningssamtalen skal gi informasjon om moglegheit for innpassing av enkeltfag/emne frå andre norske eller utanlandske institusjonar.

Utdanningsretteiinga kan innehalde diskusjon om utanlandsopphald i utdanningsløpet. Studentar kan ha utanlandsopphald som del av utdanninga si. For studieopphald i utlandet gjeld eigne søknadsfristar og –prosedyrar.

### 2.3 Praksis

I studium med praksis skal utdanningssamtalen avklare eventuelle særskilte behov, og korleis desse eventuelt kan løysast.

## 3. Oppdatering av utdanningsplanen

3.1. Studenten oppdaterer utdanningsplanen kvart semester, normalt etter samråd med utdanningsrettleiaren. Endringar skal registrerast i Studentweb.

Ved større endringar i utdanningsløpet melder studenten frå til studieadministrasjonen for å få justert utdanningsplanen sin. Slike justeringar kan vere:

- Skifte av studium i avtaleperioden
- Kontinuasjon, dersom dette endrar progresjonen til studenten
- Permisjonar i utdanninga
- Innpassing av tidlegare utdanning, fag frå andre institusjonar eller delar av andre studium frå høgskulen
- Endringar i studieprogresjon

### 3.2. Høgskulen sine endringar

Høgskulen kan endre utdanningsplanen ved:

- Endra rammevilkår for drifta av Høgskulen
- Oppdateringar av regelverket for undervisning og eksamen

Ved revisjon av grunnlagsdokument i utdanningsplanen er saksgangen fastsett i regelverket. Dokument som ligg til grunn for utdanningsplanen, som til dømes studieplanar, lokal forskrift og ulike retningslinjer, kan bli endra i avtaleperioden. Dette kan få innverknad på utdanningsplan og studieløp.